



Namn på Kulturminne: Larsahuset - Våningshus  
Kulturminne-ID: 96703-3

## Vedtak om tilskot

Vi syner til søknad 150894 om tilskot som vi fekk 31.10.2022. Søknaden din oppfyller gjeldande vilkår og er behandla.

### Vedtak

Vestland fylkeskommune gir eit tilskot på inntil **150 000 kroner**.

Tiltak	2023
Skifte tak på Larsahuset	150 000
<b>Total</b>	<b>150 000</b>

### Dette skal tilskotet brukast til

Skifte av tak på Larsahuset.

### Vilkår for vedtaket

Ingen ytterlegare vilkår.

### Grunngjiving for vedtaket

Tett tak er vesentleg for ivaretakinga av huset, og tilstanden på taket tilseier at det bør tekkest om før skadebiletet vert verre. Tiltaket har god utførande kompetanse og god ekstern medfinansiering: 130 000 frå stiftinga UNI og 74 500 frå UKL. Total kostnad er 404 500.

### Dette må du gjere for å få utbetaling

Du kan få utbetalt frå tilskotet når det har komme på kostnader. For å få utbetalt midlar må du legge fram dokumentasjon på kostnadene. Du ber om utbetaling i Digisak, og dokumentasjonen skal lastast opp der.

### Vi har rett til å føre kontroll

Vi kan kontrollere at vilkåra for tilskotet er oppfylte, gjennom å  
a. krevje meir dokumentasjon og opplysningar

- b. hente inn opplysningar frå andre styresmakter som har høve til å utlevere opplysningane
- c. gjennomføre synfaring

Heile eller deler av tilskotet kan haldast attende fram til du har levert tilstrekkeleg informasjon som syner at tiltaket er gjennomført etter vilkåra.

### **Du må informere oss om endringar i prosjektet**

Du må

- a. informere oss om endringar som har innverknad på tiltaket, slik som endra tidsramme eller omfang
- b. gjere eventuelle samarbeidspartnarar, som utførande handverkar, kjente med vilkåra for tilskotet
- c. oppbevare rekneskap med bilag i 3 år etter siste utbetaling.

Tilskotet skal berre brukast til det som er gitt i dette vedtaket..

### **Varighet**

Tilskotet må brukast innan tre år. Midlane fell bort automatisk viss tilskotet ikkje er nytta før utgangen av det tredje kalenderåret.

### **Du må sende sluttrapport seinest 3 månader etter at tiltaket er gjennomført**

Seinast tre månader etter at tiltaket er gjennomført, eller tilskotet er brukt opp, må du levere sluttrapport i Digsak. Denne skal innehalde

- a. oversikt over kostnader og vedtatt budsjett, der eventuelle avvik blir forklarte
- b. orientering om i kva grad vilkåra for tilskotet er oppfylte
- c. utgreiing for heile prosjektet og rapport for utført arbeid
- d. dokumentasjon (f.eks. bilet og teikningar) av tiltaket frå før, under og etter arbeidet

Det kan gjerast unntak frå kravet om frist for sluttrapport dersom det er særlege grunnar for det.

### **Du kan klage på vedtaket**

Du kan klage på vedtaket innan 3 veker etter at du har fått dette brevet. Dette skal du gjere i Digsak. Vi ynskjer lukke til med prosjektet og oppmodar deg til å ta kontakt om du har spørsmål.

Venleg helsing

**David J. Sandved**  
seksjonssjef

**Eva Moberg**  
fagleiar

**Brevet er elektronisk godkjent utan underskrift**